



Sula kommune

BEREDSKAPSPLAN FOR HELSE- OG SOSIALTENESTA

Kapittel	INNHALD	side
1	Generelt	1
	1.1 Fordeling av beredskapsplanen	1
	1.2 Hensikt/ansvar/oppbygging	1
2	Katastrofeplandelen	2
3	Risiko- og sårbarhetsanalysar (ROS)	2
4	Beredskapsområder	3
	4.1 Ulike helse- og sosialtenester	3
	4.2 Omsorgstenester og bygningar til omsorgsføremål	3
	4.3 Evakueringsplan for institusjonane og kommunale omsorgsbustader	3
	4.4 Vedlager	3
	4.5 Langvarig forsyningssvikt.	3
	4.6 Personell	3
5	Særskilt om branntryggleik i omsorgsbustader	4
6	Vedlegg	4
	6.1 Resultat av ROS-analysar	4
	6.2 Gjennomgang av branntryggleik –omsorgsbustader m.m.	9
	6.3 Evakueringsplan for kommunale bueiningar nytta til omsorgsføremål	11
	6.4 Lov og forskrift	12
	6.5 Innholdsoversikt, kap 2.	18

1 GENERELT

1.1 Fordeling av beredskapsplanen. (Herunder pandemiplan med vedlegg)

AVDELING/SEKTOR/ETAT	UTPLASSERING	TAL PLANAR
HS-sektoren	Fordelast til alle systemhandbøkene *)	27
KOMMUNEN ELLES	UTPLASSERING	
Beredskapsekretariatet	Sentralleiinga *)	1
Brann og redningstenesta	Brannsjefen *)	1
Tverrfagleg omsorgsgruppe	V/leiar av gruppa	1
Ordførar	Sentralleiinga	1
Rådmann	Sentralleiinga	1
EKSTERN INSTANS	UTPLASSERING	TAL PLANAR
Fylkesmannen	Beredskapsavdelinga	1
Sum		33

*) For desse instansane kjem plandokumentet i tillegg til katastrofeplandelen (kap.2), som er oppbevart i ringperm for løpande oppdatering.

1.2 Hensikt/ansvar/oppbygging

I medhald av *Lov om helsemessig og sosial beredskap*, (Lov av 23. Juni 2000, nr.56) er helse- og sosialtenesta pålagt å utarbeide ein beredskapsplan for dei helse- og sosialtenestene kommunen er ansvarleg for.

Planen skal "*bidra til at nødvendig helsehjelp og sosiale tjenester kan tilbys befolkningen under krig og ved kriser og katastrofer i fredstid*". (utdrag av §1-1 i lova).

For å nå dette målet har arbeidsgjevar høve til å beordre personell utover ordinær arbeidstid, og til å møte fram på nærare angitt stad.

Kommunen skal ha oversikt over beordringspliktig personell i dei verksemdene som er omfatta av lova, og sjå til at det er tilstrekkeleg tilgang på viktig materiell, utstyr og legemidlar.

Vidare er det krav om kompetanse, opplæring og øvingar. Verksemda skal, iht §7 i forskrifta til lova, sjå til at personell som er tiltenkt oppgåver i beredskapsplanen får naudsynt opplæring, og har tilgang på turvande beskyttelsesutstyr.

Beredskapsplanen skal bygge på risiko og sårbarhetsanalyser (ROS) ved dei ulike verksemdene som er omfatta av lova, og sikre ein tilstrekkeleg produksjon av tenester ved moglege hendingar som vert avdekt av ROS-analysane. ROS-analysane skal omfatte både eksterne og interne hendingar som, "*vesentlig reduserer virksomhetens evne til å yte varer og tjenester*".

Helse- og sosialtenesta er også pålagt å ha kriseplassar tilgjengeleg for sjukehuspasientar som ikkje må ha akuttbehandling, og kommunen skal opplyse talet på slike plassar. Planen skal altså ikkje berre omhandle kriseplassar for t.d sjukeheimspasientar og personar med særskilte pleie/omsorgsbehov i eigen kommune, men også ta høgde for at kommunen kan verte tilført pasientar utanfrå i ein krisesituasjon av regionalt omfang.

Planen skal godkjennast av kommunestyret, og det skal også framgå kor ofte ROS-analysene skal evaluerast og oppdaterast. (Jf §2 i forskrifta)

2. KATASTROFEPLANDELEN

Beredskapstiltak ved katastrofar, **katastrofeplandelen**, vart godkjent av helse- og sosialutvalet i HS-sak 0013/04, og utgjer kap. 2 i beredkapsplanen.

Katastrofeplanen er oppbygd av eit sett oversiktlege prosedyrar. Desse er samla i ringperm, og strategisk utplassert hjå alle instansar som direkte eller indirekte er tiltenkt ei rolle ved ulukker/katastrofar. (jf kap 6.5 for innhaldsoversikt kap 2).

Planmateriellet er utforma og oppbygd på ein slik måte at det skal vere lett å vedlikehalde opplysningane. I tillegg til at instansane har eit sjølvstendig ansvar for å rapportere endringar til HS-administrasjonen fortløpande, vil HS-administrasjonen sjå til at det blir gjort ei årleg oppdatering av opplysningane.

Prosedyrane i katastrofeplanen etter kap. 2 vil normalt tre i kraft ved ulukker/hendingar/katastrofar som involverer 3 eller fleire personar, og som går utover den primære akuttberedskapen. Er hendinga av eit slik omfang eller karakter at det kan bli behov for å mobilisere den generelle beredskapen, eller det oppstår behov for å handtere informasjon til media/publikum, skal tiltaka koordinerast av kommunen si kriseleing.

3. RISIKO OG SÅRBARHETSANALYSAR (ROS)

I forskrifta til Lov om helsemessig og sosial beredskap, FOR 2001-07-23 nr 881 §3 er det slått fast følgjande;

Virksomheten skal gjennom risiko- og sårbarhetsanalyser skaffe oversikt over hendelser som kan føre til ekstraordinære belastningar for virksomheten. Risiko- og sårbarhetsanalysen skal ta utgangspunkt i og tilpasses virksomhetens art og omfang.

Og vidare *Avdekket risiko og sårbarhet reduseres gjennom forebyggende og skadebegrensende tiltak. Beredkapsplaner skal sikre en tilstrekkelig produksjon av tjenester ved mulige hendelser knyttet til avdekket risiko og sårbarhet.....*

Helse- og sosialsektoren er i tillegg pålagt å ha eit kvalitetssystem, som i tillegg til å sette standarden for tenestene også skal omtale verksemda. Hendingar og avvik som måtte oppstå i tenesteproduksjonen, og som ikkje er i tråd med dei standardane som er sett for tenestene/drifta, skal meldast i eit eige avvikssystem. Avvik som oppstår i tenesta vert søkt løyst på lågast mogleg nivå, gjerne i den aktuelle avdelinga, på distriktseiningsnivå eller i lokalt kvalitetsutval. Avvik som ikkje finn si løysing etter ei slik handsaming, vert rapportert vidare for behandling i sektoren sitt sentrale kvalitetsutval (KU-hs), leia av sektorsjefen. KU-hs vurderer også HMT-avvik, før oversending til AMU.

Alle tenesteområda, og alle tenestene som vert ytt av tilsette i HS-sektoren er i utgangspunktet omfatta av kvalitetssystemet, uavhengig av om dei er lovpålagte eller ei.

Kvalitetssystemet i sektoren er inndelt i to nivå. Skildring av tenester og prosedyrar knytt til dei einskilte einingane er samla på nivå –2, mens prosedyrar som er felles for fleire eller alle einingane i sektoren –eller som går utover sektoren sitt ansvarsområde- er samla i systemhandboka, eller det såkalla nivå 1.

Risikoanalysar er gjennomført for alle verksemdene i tenesta.

På grunnlag av dei forebyggjande tiltaka som gjeld i dag, og med dei skadeavgrensande tiltaka som er mogleg å sette inn utifrå tilgjengelege ressursar, ser ein det slik at kommunen i forsvarleg grad er i stand til å yte eit minimum av helse- og sosialtenester som ivaretek

brukarane sine behov i ein beredskapssituasjon. Dei ulike beredskapsområda er omtalt i kap 4, mens resultatet av dei konkrete ROS-analysane er tatt inn som vedlegg i beredskapsplanen til kap 6.

4 BEREDSKAPSOMRÅDER

4.1 Ulike helse- og sosialtenester

Sjå omtale av ROS-analysene i kap 6.1 frå dei ulike einingane.

4.2 Omsorgstenester og bygningar til omsorgsføremål

Sjå omtale i kap 6.1 for heimetenesta/bukollektiva og Sulatun.

4.3 Evakueringsplan for institusjonane og kommunale omsorgsbustader

Det er utarbeid evakueringsrutinar for alle dei kommunale bueningane som vert nytta til omsorgsføremål. Opplysningane framgår av brannperm, og ved oppslag ved bueningane. Sjå kap. 6.3 for samla evakueringsplan for alle bueningane.

4.4 Vedlager

I alle sjølvstendige omsorgsbustader bygd som lekk i handlingsplanen for eldreomsorga er det lagt opp til fyringsmoglegheiter. Ved Mylna Senter er det etablert eit beredskapslager for ved, som til ei kvar tid skal innehalde 100 vedsekkar. Med tillegg av parafinomnar som er å få kjøpt i varehandelen, skal dette sikre oppvarming av dei kommunale omsorgsbustadane med minimum 3 dagar dersom straumforsyninga skulle falle heilt bort.

Når det gjeld sjølve distribueringa av ved/parafinomnar, vil ein kunne gjere nytte av ressursane ved Mylna Senter, heimetenesta, vaktmeistertenesta, og om naudsynt Sula Bedriftsteneste A/S.

4.5 Langvarig forsyningssvikt.

Ved behov for **straum**rasjonering/utfasing vil alle dei kommunale bygningane som vert nytta til helse- og sosiale føremål verte prioriterte. Oversikt på aktuelle bygningar, og kven av desse som skal prioriterast, er utarbeidd av kommunen og oversendt straumleverandøren. Langvarig bortfall av straum- og/eller vassforsyning, og som involverer heile eller store delar av kommunen, vil måtte inngå i kommunen sin sentrale beredskapsplan, og det vert synt til denne for skadeførebyggjande og skadeavgrensande tiltak.

Når det gjeld IKT – og generelle tiltak for kommunen sine IKTsystem – har BRAVIDA på oppdrag frå kommunen utarbeida ”*Sikkerhetshåndbok for Sula kommune*”. Handboka vart sist revidert 06.05.03. Sjølv om denne handboka ikkje er vedtatt av kommuneleiinga, opplyser IKT-avdelinga at prinsippa i denne gjerast gjeldande for kommunen. Når kommunen sine generelle IKT-systemer, eller datatryggingstiltak omtalast i ROS-analysene, er det gjerne føresegnene i denne handboka ein har i tankane.

4.6 Personell

Personellet er helse- og sosialtenesta sin viktigaste innsatsfaktor. I så måte er det lite som skil desse funksjonane frå andre områder i samfunnet som med åra er blitt stendig meir spesialiserte og kompetanseavhengige. Når det gjeld assistentar og ulike fagarbeidargrupper innan omsorgsyirket, er det fullt ut mogleg å skaffe til veie vikarar frå vikarbyrå på ein dags varsel, og kommunen blir ofte kontakta av verksemder som tilbyr sine vikartenester. (Proffice-Ålesund, Home-Sula, Jobpartner.no-Ålesund for å nemne nokre av dei lokale aktørane).

Helse- og sosialsektoren ser ikkje vikarbehova som eit stort problem i det daglege, og får dekt sine behov gjennom den porteføljen av vikarar som står tilmeldt kommunen. Kommunen si utfordring er i første rekkje å ha gode prosedyrar, rutinar, dokumentasjon osv., slik at *funksjonane* blir mest mogleg personuavhengige. Dette området er under kontinuerlig utvikling, ikkje minst gjennom arbeidet med kvalitetssikringssystemet.

5 SÆRSKILT OM BRANNTRYGGLEIK I OMSORGSBUSTADER

Den 15.11.04 vart det gjennomført beredskapsmøte i Sula kommune med branntryggleik i omsorgsbustader som tema.

Grunnlaget for møtet var rapporten "*Brannsikkerhet i omsorgsboliger*", utarbeidd av Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap i 2003.

Rapporten konkluderte med at så mykje som 79% av omsorgsbustadane på landsbasis IKKJE tilfredstiller krava i brannforskrifta for bustader nytta til omsorgsføremål.

Omsorgsbustader utgjer ein vesentleg del av kommunen sitt tenestetilbod, og bakgrunnen for møtet var å finne ut korleis det står til med brannberedskapen i kommunen sine omsorgsbustader. Til stades i møtet var alle instansane som er involvert i drift og branntryggleik av dei bustadane kommunen disponerer til pleie/omsorgsføremål, herunder bukollektiv og institusjonar.

Branntryggleiken ved alle dei 125 bueiningane i kommunen som vert nytta til omsorgsføremål vart gjennomgått, og det vart utarbeidd ein tiltak/handlingsplan, med tidsfristar for gjennomføring.

Siktemålet er at når tiltaka er gjennomført, skal alle dei 125 bueiningane ha tilfredstillande branntryggleik i høve branntilsynet sine krav.

Branntryggleik må sjåast på som ein vesentleg del av alt beredskapsarbeid, og møterreferatet og handlingsplanen er derfor tatt inn som vedlegg i beredskapsplanen i kap 6.2.

6. VEDLEGG

6.1 Resultat av ROS-analysar

AVD.	UØNSKA HENDING	FORSLAG TIL FØREBYGGANDE TILTAK	FORSLAG TIL SKADE-AVGRENSANDE TILTAK	MERKNAD/KONKLUSJON TIL ROS-ANALYSA
HS-adm.	<p>Tap/lengre bortfall av dataverktøy/programvare.</p> <p>Tap av lokalar i brann.</p>	<p>Jamleg oppdatering/utskifting av program og datautstyr.</p> <p>Jamleg brannøving, og gode brannvernrutiner ved rådhuset som HS-adm. Er ein del av.</p>	<p>Trygge back-up-rutiner.</p> <p>Moglegheiter for manuelle rutinar.</p> <p>Opplegg for heimekontor, eller bruk av alternative kontorlokalar.</p>	<p>Tenesternetil brukarane vil på kort sikt kunne oppretthaldast uavkorta, uavhengig av HS-adm. sin situasjon. HS-adm sine funksjonar er med få unntak innretta mot einingane i form av leing, støttetjeneste, koordinering og forvaltning/sakshandsaming, og berører ikkje brukarane av tenestene direkte.</p> <p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapsiltak</p>
Helse-avd.	<p>Tap av lokalar og/eller utstyr som er vesentleg for drifta.</p>	<p>Generelle tiltak som brannvern og plan for vedlikehald av utstyr.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Nytte lokalitetane ved Vågen legekontor, og evt. styrke bemanninga/ressursane der. 2. Nytte legetenesta sitt avlastningskontor v/Sulatun. 3. Daglegevakt overførast AMK-legevakta i Ålesund. (<i>Trafikken her er avgrensa på dagtid, og kan derfor gi rom for oppbemanning av legar/personale frå Sula som kan oppretthalde delar av tilbodet til publikum frå Sula</i>). 4. Oppgraderer og nytte delar av ledige lokalitetar t.d. ved Devoldfabrikken, dersom tap av lokalitetar strekkjer seg over lengre tid. 	<p>Dataserver med dataprogram (Win-med) er lokalisert ved Rådhuset. Legekontoret på Sulatun, samt kommunelegen v/heimekontor kan kommunisere med denne sjølv om legekontoret vert sett ut av spel.</p> <p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapsiltak</p>
Mylina Senter. Arbeid- og dag-senter.	<p>Tap av lokalar i brann, eller av andre grunnar.</p> <p><i>Inntil 26 brukarar mister sitt dagtilbod.</i></p>	<p>Generelle brannverntiltak.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Samarbeid med heimetenesta om oppfølging av brukarane heime. 2. Sysselsettingstiltak i alternative lokalar. 3. Samarbeid med andre dagsentra/tiltaksarrangørar. 	<p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapsiltak</p> <p>Dagsentertilbodet ved Mylna Senter er ikkje lovpålagt. Kommunen kan derfor i ein overgangsfase, og inntil nye lokalitetar er etablert, legge ned tilbodet. Dette vil sjølvstakt medføre behov for alternativ oppfølging av dei brukarane som har basale pleie/omsorg/oppfølgingsbehov, og i staden for å iverksette permittering av tilsette ved senteret bør denne ressursen medgå til styrking av heimetenestene rundt dei aktuelle brukarane.</p> <p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapsiltak</p>

AVD.	UØNSKA HENDING	FORSLAG TIL FØREBYGGANDE TILTAK	FORSLAG TIL SKADE-AVGRENSANDE TILTAK	MERKNAD/KONKLUSJON TIL ROS-ANALYSA
<p>Mylna Senter. Arbeid- og dag-senter</p>	<p>Tap av straum/vass-forsyning.</p>	<p>Beredskapsutiningene til ekstern leverandør forventes å vere gode. Andre anlegg er nytt, og i god stand.</p>	<p>Heisa vil ikkje kunne nyttast, og rullestolbrukarane i 3 etg. må bli båret ut. Flytte aktivitetane i 3 etg. til til 1 og 2 etg. Ved uforsvarleg temperaturfall sende brukarane heim. Nytte alternative lyskjelder (lommelykt/hodelykt etc). Frakte vann til senteret etter behov i dunkar og på flaske.</p>	<p>Dersom tap av forsyning dreg ut, eller opplevast som særskilt tyngande slik at leinga finn tilbodet uforsvarleg, følgjast rutinene som skildra i førre bolken. Avhengig av årstid (temperatur osv) vil det vere ei stor utfordring å skulle oppretthalde drifta ved senteret på ein forsvarleg måte, sjølv ved kortare avbrøt i straum/vassforsyninga. Truleg er det berre kapasiteten i heimetesta som vil vere til hinder frå å måtte sende heim mange av brukarane, sjølv ved kortare brot på straum/vassforsyninga.</p>
<p>Heime-tenesta og Bu- kollektiva</p>	<p>Tap av omsorgsbustader i brann eller av andre grunnar.</p>	<p>Generelle brannverniltak. Brannopplæring tilsette og brukarar/bebuarar. Tilsyn og kontroll med el-anlegg.</p>	<p>Sløkkestyr. Evakueringsrutinar. Tryggleiksalarmar med røykmeldarmodul Brann- og røykvarsalarar direkteilknytt varslingssentralen. Nytte eventuelle ledige omsorgsbustader/bukollektiv/avlastningshusvære/sjukeheimsplassar (overbelegg)/ øvrige kommunale bustader eller hotellrom i ein overgangsfase.</p>	<p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapsiltak Jf. konklusjon i beredskapsmøte 15.11.04, vedr. "Branntryggleiken ved omsorgsbustadane i Sula kommune". Oppfølging av tiltak/handlingsplanen vil styrke brannvernberedskapen i omsorgsbustadane ytterlegare. Elles er "prosedyre for røykvarsling over tryggleiksalarmen" nedfelt som særskilt NIV Å-2 prosedyre i kvalitetssystemet. For evakuering sjå evakueringsplanen. Ikkje behov for ytterlegare beredskapsiltak</p>
	<p>Bortfall av vassforsyning utover 12 timar.</p>	<p>Ingen av bueingane har privat vassverk, og forsyningsrutinane forventast tilstrekkeleg sikra frå vassverket sin side.</p>	<p>1. Vassombringning gjennom vaktmeistertenesta og tilsette i heimetesta. 2. Nytt drikkevann på flaske. 3. Nytt vatserviettar og vaskekremar til tryggene.</p>	<p>Kommunale bilar til frakt av vann. Heimetesta sin medverknad kan føre til at ulike oppgåver må omprioriterast til fordel for meir presserande oppgåver til den einaktilte. Dersom heile øya er berørt, vert konsekvensane større, og transport av vatn langt meir omfattande. I så fall vil kommunen sin generelle beredskap måtte settast i verk. Ikkje behov for ytterlegare beredskapsiltak</p>

AVD.	UØNSKA HENDING	FORSLAG TIL FØREBYGGANDE TILTAK	FORSLAG TIL SKADE-AVGRENSANDE TILTAK	MERKNAD/KONKLUSJON TIL ROS-ANALYSA
Heime-tenesta og Bu-kollektiva	Bortfall av straum i meir enn 12 timar.	Beredskapsutiningene til eksternt leverandør forventes å vere gode.	Lommelykter, hodelykter, naudstraumsaggregat, alternativ oppvarming, vedfyring, matombringning.	<p>Kommunalt vedlager er etablert ved Mylna senter, og det skal til ei kvar tid oppbevarast 100 sekker i beredskapslager til ei kvar tid øyremerkt omsorgsbustader.</p> <p>Parafinomnar til oppvarming av husrom er tilgjengeleg i varehandelen.</p> <p>Kommunen si matombringingsordning bør kunne intensiverast og omleggast til ekstraordinær kaloririk nyttekost på relativt kort varsel, slik at alle er sikra eit varmt måltid mat kvar dag i tillegg til tørrmat.</p> <p>Distribuering av varm suppe og drikk frå containere utlånt frå sivilforsvaret, utfrakta til bustadane og ausa over i termokanne el.likn.</p> <p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapstiltak</p>
Felles for omsorgstena.	Bortfall av tilgang på omsorgstena sitt fagsystem GERICA, og datatilgang generelt.	Jf retningsline nedfelt som NIVÅ-2 prosedyre for omsorgstena. Kommunen sine generelle IT-tryggingstiltak.	Jf retningsline nedfelt som NIVÅ-2 prosedyre for omsorgstena. Kommunen sine generelle IT-tryggingstiltak.	<p>Dokumentasjonsplikta i omsorgstena vert ivareteken av fagsystema, men sjølve tenestene vil likevel kunne oppretthaldast sjølv om datatilgangen fell bort. Først etter tenger tids bortfall vil det kunne få vesentleg innverknad på sjølve tenestene.</p> <p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapstiltak</p>
Rehab.-tenesta	Tap av lokalitetar og utstyr.			<p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapstiltak</p> <p>Rehab.tenesta er så vidt ambulansert at tap av eigne lokalar og utstyr ikkje er til hinder for å yte tenester til brukarane. Elles vil driftsavtalane med private kunne vurderast i lys av hendingar som avgrensar kommunen sine moglegheiter til å oppretthalde dagens tenestnivå.</p> <p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapstiltak</p>

AVD.	UØNSKA HENDING	FORSLAG TIL FØREBYGGGANDE TILTAK	FORSLAG TIL SKADE-AVGRENSANDE TILTAK	MERKNAD/KONKLUSJON TIL ROS-ANALYSA
Sosial-avdelinga/ Barnevern-tenesta	Langvarig bortfall av data, som avgrenser moglegheitene til lovformelig dokumentarisk oppfølging av klientane som t.d vedtak, saks- framlegg, journal- skrivning og vedtaks- gjennomføring.	Jamleg oppdatering/ut-skifting av programvare og datautstyr.	<p><u>Manuelle rutinar for:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vedtak. 2. Tilvisingar. 3. Kontantutbetalingar 4. Rekvisisjonar. 5. Matvaregarantiar osv. 6. Gjere journalnotat på mellombels sikkert medium. 	Rutiner er nedfelt som NIVÅ-2 prosedyre 310.02.002
Sulatunet	Tap av delar av institusjonen grunna brann/røyk eller vass-skade.	<p>Generelle brannverntiltak som; Brannvarslingsanlegg. Røkerstriksjonar. Brannvernoppplæring av tilsette og bebuarar. (Tilsyn og kontroll med el-anlegg osv) <i>Sulatun er konstruert slik at brann eller vass-skade ikkje skal berøre heile bygget. Derimot kan delar av bygget verte involvert i slike hendingar, og tap av 50% av plassane KAN vere ein påreknelig fare.</i></p>	<p>Sløkkeutstyr. Sprinkleranlegg i særskilt utsette områder. Direkte brannvarsling. Evakueringsrutinar. God merking av rømningsvegar. Framtidig utforming/påbygging av institusjonen må ikkje gå på bekostning av branntryggleiken slik den er ivareteke gjennom dagens utforming.</p>	<p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapstiltak Viktig at alle nytilsette får opplæring i brannvernrutinene som del av introduksjonen i stillinga, og at det vert gjennomført brannøving iht. instruksane for alle tilsette.</p>
	Bortfall av straum.	Tilsyn og kontroll med el-anlegg	Straumaggregat	<p>Ikkje behov for ytterlegare beredskapstiltak Straumaggregat er installert, og skal sikre straum til dei mest basale funksjonane. Ikkje behov for ytterlegare beredskapstiltak</p>
Hovud- kjøkkenet ved Sulatun	Tap av utstyr, skade på lokalar, eller infeksjon /smitte som stanser matvare- produksjonen ved hovudkjøkkenet Sulatun.	<p>Generelle brannverntiltak. IKT-kjøkken. (Steaming/rens/sterilisering) Rutiner for vask av lokaler. Matvarelager</p>	<p>Institusjonen må skaffe bebuarane måltid frå anna hald. (Cateringselskap, vertshus, hotell, eller liknande). Brukarane av matombringingsordninga i heimetenesta må få sine måltider frå anna hald, evt. at heimetenesta hjelper den einskilte med innkjøp og evt. matlagning.</p>	<p>I tillegg vurdere interkommunal avtale med Møre Kjøkkenforum i Sykkylven.</p>
				Ikkje behov for ytterlegare beredskapstiltak

6.2 Gjennomgang av branntryggleik –omsorgsbustader m.m.

Notat. MØTEREFERAT 15.11.04

Sula kommune v/

Kjetil Fylling, Kåre Gunnar Ulleland, Inge Rimstad, Bernt Westad, Reidun B. Grønmyr, Torunn Veddeng, Lindi Hjelkrem, Grethe Juul Molvær, Svein Langvatn, Gunnar Trones

Ålesund Brannstasjon v/

Sigbjørn Spjelkavik og Lars Johan Andreassen

Bustadstiftingane v/

Lars Sunde

Kopi til:

Rådm. Edvard A. Devold

Beredskapssekretariatet v/Olav Budal og Ragnhild Fiskerstrand

Vår ref.	Arkivkode.	Dato.
01/01220-024/GT	X2	16.11.2004

BEREDSKAPSMØTE VEDR. BRANNTRYGGLEIKEN VED OMSORGSBUSTADANE I SULA KOMMUNE.

Bakgrunn for møtet

Rapporten : "Brannsikkerhet i omsorgsboliger" utarbeidd av DSB (*Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap*) i 2003. Denne har avdekt store manglar ved branntryggleiken i kommunale omsorgsbustader på nasjonalt nivå. Undersøkinga omfatta 273 kommunar, og 81% av landets omsorgsbustader. Rapporten konkluderer med at så mykje som 79% av omsorgsbustadane i landet har utilfredstillande branntryggleik. Alle kommunar er derfor oppmoda frå direktoratet om å gjennomføre ein "tilstandsrapport" av branntryggleiken ved omsorgsbustadane i kommunen. Altså; "Korleis står det til i eigen kommune?"

Målet med møtet:

Å foreta ein skjematisk gjennomgang av branntryggleiken ved alle omsorgsbustadane i kommunen, og på grunnlag av byggtekniske løysingar, etablerte varslingsanlegg/varslingsrutinar, rømmingsvegar og andre forhold få uttrykt stoda i Sula kommune.

Til møtet var alle innkalla som må seiast å ha kunnskap om branntryggleiken ved dei bustadane kommunen gjer seg nytte av til omsorgsføremål, samt einingsleiaren ved kommunen sin sjukeheim. (Vi ynskte også å ta sjukeheimen inn i vurderingane, ettersom arbeidet med kommunen sin sentrale, og HS-sektoren sin lokale beredskapsplan er under arbeid, og at branntryggleiken ved sjukeheimen er eit høgt prioritert område i dette arbeidet.

Etter å ha gjennomgått konklusjonane i rapporten frå DSB, vart alle dei frammøtte instansane oppmoda til å gi uttrykk for stoda i kommunen slik dei kjenner den i brannvernsamanhang, og i forhold til omsorgsbustader generelt.

Utifrå ei oversikt på alle omsorgsbustadane i kommunen vart deretter bygga vurdert kvar for seg.

I korte trekk slutta gruppa seg til følgjande:

BYGG/EINING	TAL	tilfredstillande	manglar	KOMMENTAR
KOMMUNAL				
Sloghaugvegen 28	18	X		
Molværsvegen 15/17	16	X		
Sloghaugvegen 18-26	8	X		
Geilneset 11	5		X	Merking rømmingsveg *
Geilneset 9	4		X	Merking rømmingsveg *
Nymarkvegen 36-48	6	X		
Djupdalen 60-66	**			Ikkje tildelt til oms.føremål **
Åregjerdedalen 2-6	2	X		
Hølevegen 76-80	5	X		
Berngarden 22-40	10	X		
Berngarden 42-46	**			Ikkje tildelt til oms.føremål **
Fyllingvegen 63 a-1	12	X		
PRIV.STIFTINGAR				
Nausthaugen	10	X		
Vågstunet	14		X	Brannvarslingsanlegg ***
Bakketun	11		X	Brannvarslingsanlegg ***
Sunde/Leirvåg	4		X	Brannvarslingsanlegg ***
SUM	125	87	38	

*)

Avvik/merknad etter branntilsyn. Dette vert det arbeidd med å finne avklåring/løysingar på.

**)

Sjå pkt 3 siste side.

***)

Bustadane har røykvarslarar, og det er mogleg at enkelte av bebruarane er tilknytt tryggleiksalarmsystemet i kommunen. Likevel er det uvisst om dette er tilstrekkeleg i forhold til dei siste krava som er gjort gjeldande for omsorgsbustader.

KONKLUSJON:

Av dei 125 bueiningane til omsorgsføremål i kommunen, er det 38 bustader (30,4%) som kan ha manglar i høve dei krav som vert stilt til branntryggleik i omsorgsbustader.

Sjølv om dette er vesentleg betre enn stoda på nasjonalt plan (79%), er gruppa av den oppfatning at tiltak bør setjast i verk for å få redusert talet ytterlegare. Som eit *minimum* må det avklarast nærare kor vidt dei omtalte merknadane faktisk er i strid med gjeldande regelverk.

TILTAK/HANDLINGSPLAN:

Pkt 1:

Kommunen må få retta manglane ved merking av rømmingsvegar der dette er påpeikt frå branntilsynet si side. (G11/9)

Tidsfrist: 1ht. frist sett for dei aktuelle merknad/avvika.

Pkt 2:

Kommunen må tilskrive dei private bustadstiftingane, som av eige tiltak må få avklåra kor vidt dei aktuelle bustadane er omfatta av kravet i brannforskrifta om automatisk

brannvarslingsanlegg, eller kva som minimum må gjerast av branntryggingstiltak i forhold til branntilsynet sine krav.

Kommunen sin tidsfrist: Brev til stiftingane utan unødig opphald.

Pkt 3:

Dei 3 bueingane ved Bergarden 42-46, og dei 4 bueingane ved Djupdalen 60-66 skal ikkje tildelast personar som er avhengig av personlig bistand for røming av bueinga ved brann, med mindre vedkomande er omfatta av ordninga ”*tryggleiksalarm tilknytt røykmeldar.*”

Tidsfrist: Inntaksutvalet setter tiltaket i verk straks.

Merknad: Oppgradering til brannvarsling med direkteutrykking vil oppheve dette tiltaket.

Pkt 4:

Evakueringsrutiner. Generell opplæring i brannførebygging/skadeavgrensing.

I møtet kom det fram ynskje om å gjennomgå rutinane ved evakuering ved dei ulike einingane. Representantane frå brannvesenet opplyste også at dei kunne bistå innafor tilgjengeleg kapasitet med informasjon og aktiv medverknad til gjennomføring av ulike opplærings- og øvingstiltak.

I dei ulike einingane oppbevarast journal/protokoll/brannperm og liknande. På grunnlag av denne, og utifrå lokale tilhøve, må einingsleiarane vurdere behovet for opplæringstiltak og melde dette vidare. Evakueringsrutiner ved dei ulike bygga skal også vere skildra i dei ulike permene, og ved oppslag der dette er naturleg. Er desse likevel mangelfulle, *eller ikkje kjent av personalet/bebuarane*, må einingsleiar sjå til at prosedyrane rettast opp. Gjennomføring av evakuering (øving) må sjølvstøtt skje ved dei ulike einingane, og som lekk i det generelle skadeavgrensande arbeidet.

Tidsfrist: Inngår i det løpande HMS-arbeidet, men bør få auka fokus.

6.3 Evakueringsplan for kommunale bueingar nytta til omsorgsføremål

Tenestestad	Evakueringsplass 1	Alternativ 2
Geilneset 9	Geilneset 11	Dagsenter for eldre Sloghaugvegen 28
Geilneset 11	Geilneset 9	Dagsenter for eldre Sloghaugvegen 28
Nymarksvegen	Bergarden	Geilneset 9
Bergarden	Nymarksvegen	Geilneset 9
Åregjerddalen	Geilneset 9	Dagsenter for eldre Sloghaugvegen 28
Sloghaugvegen 28	Molvørsvegen 15/17	Sulatunet/ Geilneset 9
Molvørsvegen 15/17	Sloghaugvegen 28	Sulatunet/ Geilneset 9
Sulatunet	Dagsenter for eldre Sloghaugvegen 28	Psykiatrisk dagsenter Sloghaugvegen 28/ Geilneset 9
<i>Sjå oppslag ved bueingane og i brannvernpermene for rutiner ved evakuering, røming vegar osv.</i>		

